

Budsjett 2020

Medisinsk klinikk
Helse Førde HF

INNHALD

1	Samandrag.....	5
2	Status og omstilling.....	6
3	Økonomi.....	9
	Føresetnader i budsjett 2020:	9
	Ramme 2020:	9
	Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:.....	9
	• Grunna auka felleskostnader og investeringskostnader har klinikken fått eit innsparingskrav på 4,9 millionar kroner i høve budsjett 2019.....	10
	Budsjett 2020:	10
	Inntekter 2020:	11
	Endringane innanfor ISF inntektene kan oppsummerast i følgjande tabell:.....	11

ISF egne pasientar	B19	P19	B20	B20-B19
Budsjett	- 291 715	- 302 237	- 317 136	- 25 421
Auke av aktivitet i tråd med prognose 2019				- 10 523
Auka poliklinisk aktivitet grunna planlagte tilsetingar av legar				- 1 715
Auka aktivitet fysikals medisinsk poliklinikk				- 1 251
Auke av inntekter barn og medisinske sengepostar FSS, til 2018 nivå				- 3 956
Prisjustering				- 7 976
Sum endring				- 25 421

Lågare inntekter innanfor «ISF inntekter H-resept» området er grunna færre pasientar med diagnoser innanfor dei nye områda som vart ein del av ordninga i 2019. Dette har gitt både lågare ISF inntekter og lågare medikamentkostnader. 11

Auken innanfor «Polikliniske inntekter – Helfo refusjon laboratoria» er ei vidareføring av prognosen klinikken har hatt innanfor Mikrobiologi (+0,7 mill. – molekylærbiologi), Patologi (+0,3 mill.), MR Lærdal (1,0 mill.) og auke røntgen FSS (0,5 mill.). 11

Auken av «Andre inntekter» er ein auke på 3,3 millionar kroner i eigenandelar grunna auka aktivitet ved poliklinikkane (1700 fleire polikliniske konsultasjonar enn plan i 2019) og auka MR aktivitet. 11

Varekostnad 2020:..... 11

Reduksjonen i kjøp av tenester er færre pasientar som blir handsama ved Feiring (-0,5 mill.) og at me frå 2020 ikkje lenger har kostnadane med kjøp av tenester frå Haukeland innanfor nukleærmedisin (-0,7 mill.). 11

Reduksjon i varekostnad kan ein oppsummere i følgjande tabell:..... 11

Varekostnad	B19	P19	B20	B20-B19
Budsjett	218 878	212 906	207 049	- 11 828
Reduksjon av varekostnad LMBB				- 4 000
Reduksjon varekostnad H-resept området				- 15 200
Innsparingstiltak kostbare medikament administrert på sjukehuset				- 2 000
Auke av medikamentkostnader kreft/nevro iht prognose 2019				3 600
Auke av forbruksmateriell Mikrobiologisk avdeling				1 300
Generelt auka forbruksmateriell grunna auka aktivitet				611
Prisjustering				3 861
Sum endring				- 11 828

Personalkostnad 2020:..... 11

Prognosen for lønskostnadane i 2019 syner ein auke på 33,3 millionar kroner i høve godkjent budsjett. 2019 har vore eit noko spesielt år for Medisinsk klinikk. Grunna endra rekruttering- og ressursssituasjon har det vore auke i tilbod som ikkje var budsjettert inn i

2019. Det er bygd opp tenester som er finansiert med auka inntekter, samt at ein har hatt ein generell auke i all aktivitet. Pasientinntektene er samla auka med 15 millionar i høve budsjett. Sjø ells meir under kap. 2 «Status og omstilling»..... 11

Nye personalkostnader som ein har fått i 2019 er kostnader for MR Lærdal, vidareutvikling av poliklinikk for fysikalsk medisin/smerte og felles kontaktsenter innanfor somatikk. I tillegg har ein hatt høge kostnader for innleie av legevikarar frå firma, særleg innanfor kreft, patologi og indremedisin. Kombinasjonen med periodar med høg aktivitet og høgt sjukefråvær har vore utfordrande for klinikken. 11

Budsjett 2020 har ein reduksjon i høve prognose med 4,8 millionar kroner (i 2019 kroner). I budsjettet er det lagt inn planlagt styrking av akuttmottak, justering for kjente heilårsverknadar og tiltak for å nå budsjetttramme 2020. Alle endringane er oppsummert i følgjande tabell: 12

Personalkostnad	B19	P19	B20	B20-B19
Budsjett	599 892	633 217	653 732	53 839
Driftsnivå 2019				33 325
Styrking av akuttmottak, inkl legeressurs				3 500
Heilårsverknad personalkostnad overlege Mikrobiologi				800
Heilårsverknad personalkostnad Samhandling og tverrprof. tenester				500
Overføring av tilsette til medisinsk serviceseksjon Lærdal				1 037
Patologi: Redusert bruk av firmainnleie.				- 600
Kreft: Redusert bruk av firmainnleie.				- 3 600
Serviceseksjon: HMS arbeide - reduksjon sjukefråvær				- 400
Hud: Redusert bruk av firmainnleie.				- 300
Medisinsk seksjon LSH, vidareføring av tiltak 2019				- 1 600
Medisinsk seksjon NSH, vidareføring av tiltak 2019				- 1 500
Medisinske sengepostar FSS, kostnader ned på nivå budsjett 2019				- 1 700
Medisinsk legeteneste FSS, tilsetjing i stillingar, reduksjon i variabel lønn				- 948
Auka pensjonskostnad				5 373
Prisjustering				19 952
Sum endring				53 839

Tiltak 2020:..... 12

I tillegg er pasientinntektene i budsjett 2020 auka med 6,9 millionar kroner i høve prognosen for 2019. 12

Det er utarbeidd eigen overordna ROS analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7. 12

4 Aktivitet..... 13

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring plan 2020 - 2019
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	12 328	13 108	13 019	13 502	13 812	793
DRG-poeng H-resept	A	1 300	1 735	1 957	1 711	1 801	-156
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	111	127	133	151	151	18
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	13 738	14 970	15 109	15 364	15 764	654
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	64	90	46	35	35	-11
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	13 692	14 933	14 684	15 247	15 647	625
Tal dagbehandling		7 975	9 058	9 120	9 417	9 417	297
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 806	9 970	9 950	9 933	10 256	306
Tal polikliniske konsultasjonar (ISF)		53 062	50 649	51 000	52 751	53 380	2 380

5 Bemanning..... 15

Månadsverk:..... 15

Endringa i månadsverk syner eit bilete som ikkje er heilt i samsvar med planlagde tiltak på legeområde etter som innleige frå firma ikkje kjem fram i månadsverk statistikken, samla er

dette tiltak på 4,5 millionar kroner. I auken på 1,8 månadsverk ligg 2,2 som vert overført frå Kirurgisk klinikk og ei styrking av akuttmottak med 3,0 årsverk.	15
Sjukefråvær:	15
Sjukefråværet i Medisinsk klinikk hadde ein markert auke i vinter/vår 2019. Har deretter stabilisert seg. Målet for klinikken er å ha rundt 5 prosent fråvær. Arbeide med HMS og sjukefråvær er eit av dei viktige fokusområda i klinikken i 2020.	15
6. Budsjettprosess	16

1 Samandrag

Medisinsk klinikk legg til grunn ei netto budsjetttramme på 414 627 000 kroner for 2020.

Budsjettekniske føresetnader

Det er tatt omsyn til føringar som gjeld endring i kostnadsbilete for drifta i 2020:

Lønnskostnader justert med deflator på 3,6 prosent, som også skal omfatte lønsgliding.
Driftskostnader er justert med deflator på 1,9 prosent.
Inntekter er generelt justert med deflator på 2,5 prosent. Eigendelane justert med 3,4 prosent.
Laboratoria og røntgen inntekter frå HELFO er korrigert med 1,0 prosent.
Inntekter frå innsatsstyrt finansiering (ISF) er auka med 2,58 prosent.
Samle pensjonskostnad for Helse Førde er omfordelt i høve lønsbudsjett. Medisinsk klinikk sine pensjonskostnader er samla auka med 5,3 millionar kroner.

Driftsøkonomi

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for medisinsk klinikk i 2019, samt eit innsparingskrav på 4,9 millionar kroner grunna auka investeringsbehov og felleskostnader i Helse Førde, har ein komme fram til følgjande budsjetttramme for 2020:

Budsjetttramme 2020 Medisinsk klinikk	
Nettokostnad budsjett 2019	405 418
Prisendringar	18 706
H-resept endringar i statsbudsjettet	- 2 061
Mindreforbruk H-resept 2019	- 2 000
Realendring - innsparing varekost; nye analysemaskiner lab. FSS/LSH/NSH	- 3 000
Realendring - akuttmottak	1 500
Realendring - transport heimedialyse	400
Realendring - ombygging fys.med. Poliklinikk; meirinntekter	- 650
Overføring ramme frå Kirurgisk klinikk - kjøp ekstra fysioterapiteneste ortopedi	550
Overføring ramme frå Kirurgisk klinikk - flytting tilsette til serviceseksjon LSH	759
Reduksjon i ramme med bakgrunn i nødvendige investeringar	- 4 994
Sum nettokostnad - ramme 2020	414 627

Risikoen i budsjettet er noko høg då det meste av aktiviteten/inntektene til klinikken er knytt opp mot øyeblikkeleg hjelp på tre sjukehus, og drift av laboratoria/røntgen for å kunne støtte opp om klinisk aktivitet innan medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk helsevern. Tiltaka for å halde budsjett 2020 er i hovudsak ei vidareføring av oppstarta tiltak i 2019, med heilårsverknad i 2020.

Aktivitet

Medisinsk klinikk budsjetterer med noko auke i aktiviteten i 2020 i høve det som er prognosen for 2019, dette i tråd med den utvikling ein har hatt dei siste åra.

2 Status og omstilling

Medisinsk klinikk inneheld kliniske og diagnostiske avdelingar.

Dei diagnostiske avdelingane radiologi, patologi, mikrobiologi, medisinsk biokjemi med blodbank og avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester yt sørvis til alle klinikkar, psykisk helsevern og kommunane.

Radiologisk avdeling har i løpet av 2019 sett i drift nytt regionalt radiologisystem og bygt opp MR drift i Lærdal. Dette utan å i særleg grad redusere aktiviteten, som aukar litt år for år. Største utfordringa er krava til presisjon i diagnostikken, som i langt større grad vert persontilpassa. Undersøkingane tek i seg sjølv meir tid å gjennomføre, tolking og beskriving av radiolog det same. Dette krev auka kapasitet på legesida. Rekrutteringssituasjonen er betra, særskilt til LIS stillingar, og det er ikkje usannsynleg at ein kan lukkast med å få tilsett overlege i løpet av 2020. Vaktordning for radiologar ved Lærdal og Nordfjord sjukehus er i 2019 uendra, trass vedtak på at denne skulle justerast Dette er forventa gjennomført våren 2020.

Mikrobiologisk avdeling har i fleire år hatt stadig aukande aktivitet, særleg innanfor molekylærbiologiske analysar, dette i samarbeid med avdeling for patologi. Elektronisk rekvirering er no etablert for alle legekontor. Mange års rekrutteringsvanskar for legespesialistar i faget har retta seg, med ein ny legespesialist i 2018 og ein i 2019, men bioingenjørsituasjonen har vore vanskeleg dei seinare år. Det leggst mykje arbeid i kvalitetssikring, og avdelinga vart akkreditert etter ISO-standard for laboratorium i 2016.

Avdeling for patologi har aukande aktivitet i takt med den positive utviklinga innan kreftbehandling. I kommande år er det planlagt modernisering av eksisterande metodar og implementering av nye tilbod innan persontilpassa medisin. Dette vil sikre meir presis diagnostikk og målretta behandling for våre kreftpasientar. Pågåande arbeid med prosjekt regional digital patologi vil medføre kvalitetsheving, betre samhandling og effektivitet i det diagnostiske arbeidet. Digital patologi blir ein føresetnad for å sikre tilfredstillande svartider og høg diagnostisk kvalitet grunna auka arbeidsmengde og kompleksitet. Avdelinga arbeider også aktivt med kvalitetssikring med sikte på framtidig akkreditering i tråd med regional plan for laboratorietenester i Helse Vest.

Laboratorium medisinsk biokjemi og blodbank skifta ut dei største analyseinstrumenta ved seksjonane Førde, Lærdal og Nordfjord på slutten av 2019. Med desse analysemaskinene og tilhøyrande mellomvare fekk laboratoria ein moderne utstyrsark som sikrar høg kvalitet og standardisering av laboratorieanalysar på tvers av sjukehusa i føretaket. Mellomvaren skal vidareutviklast i 2020, og i tillegg inkludere fagområda hematologi og koagulasjon. Ved Førde sentralsjukehus ønskjer ein at denne investeringa byggast vidare på, for å innføre ei automasjonsløyning i 2020/2021 med automatiserte prosessar frå mottak til arkivering av prøvesvar. Laboratorieprøver er avgjerande i nesten all diagnostikk, og automasjon vil redusere svartidene, noko som kan bidra til meir effektive og føreseielege pasientforløp.

Avdelinga Samhandling og tverrprofesjonelle tenester tek mål av seg å vere trendsettarar i høve til etablering av heimebaserte spesialisthelsetenester. Alle dei fire seksjonane ved avdelinga arbeider aktivt med organisasjonsutvikling for å utvikle framtidsretta, heilskaplege og brukarvenlege løysingar. Døme kan vere innovasjonsprosjektet «Pust deg betre» der ein utforskar mulighetsrommet mellom offentleg og privat innovasjon ved å utvikle ein webapplikasjon («app») for lungesjuka. I 2020 håpar ein også å kunne nytte WR – Teknologi («virtuell virkelighet») i rehabiliteringssamanhang.

Avdelinga har, i tråd med nasjonale og regionale føringar, auka tal legar frå ein til fire. Ein har og tilsett psykolog som ein del av det tverrfaglege teamet. Dette har medført eit breiare tenestetilbod, auka aktivitet og større inntekter ved Fysikalsk Medisinsk Poliklinikk. Fleire pasientar med samansette sjukdomsbilete får såleis heilskaplege tenester på tvers av psykiske og somatiske helseutfordringar. Denne svært positive utviklinga var ikkje fullt ut føreseieleg hausten 2018 og såleis berre i liten grad spegla i budsjettet for 2019.

Saman med ulike leiarar og fagpersonar har ein utvikla eit tett samarbeid knytt til oppgåvegledning mellom ortopedisk fagområde og fysio- og ergoterapitenesta. Dei koordinerte tverrfaglege tilboda reduserer ventider, frigjev tid for ortopediske legar, og etablerer tids- og kostnadseffektive pasientforløp av god kvalitet. Ein har og starta med å utvikle tilbod knytt til tverrfaglege videokonsultasjonar mellom pasient, ortopedkirurg, fysio- og/eller ergoterapeut. Her deltar minst ein av partane pr. video, og ein møtest i eit felles virtuelt rom. Tilbakemeldingane frå pasientane så langt er særers gode, og ein arbeider vidare med å utvikle og profesjonalisere tilboda.

Med utspring i seksjonen Medisinsk heimebehandling (tidlegare Behandlingshjelpemiddel) er målet for Helse Førde HF å få etablert ei teneste som kan ivareta koordinering av alle typar medisinsk heimebehandling. Dette inneber både telemedisinske løysingar i form av videokonsultasjonar og medisinsk avstandsoppfølging. Dette er eit prioritert utviklingsarbeid i medisinsk klinikk.

Medisinsk heimebehandling forvaltar behandlingshjelpemiddelordninga for innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Ordninga har til ei kvar tid mellom 5000 og 6000 brukarar. Talet er stigande med rundt 10 prosent auke kvart år. Seksjonen er etablert i nye lokale som gir rom for å kunne overta lager og logistikkfunksjonar innan utvalde område som til dømes insulin, antikoagulasjonsbehandling, elektrostimulatorar og elektrofeedback.

Seksjonen Medisinsk heimebehandling kan forståast som eit bilete på «Det utadvente sjukehuset». Ein vil frå starten av 2020 mellom anna ha ei aktiv ambulerande rolle i høve dei som får tilbod om heimedialyse. I kraft av at ein leverer utstyr og forbruksmateriell regelmessig, møter kompetent helsepersonell i heimen hos den einskilde pasient to gongar i månaden. Dei kan då fungere som eit bindeledd mellom fagmiljøa i sjukehusa og pasient/nærpersonar. Mellom anna vil ein fasilitetar videomøter mellom brukarar, nærpersonar og fagpersonar i helseføretaket. Samhandlingsrutinene som no blir innført vil vere nyskapande, betre brukaropplevinga og vere eit viktig pasienttryggleikstiltak. Med ei teneste «på hjul» på kryss og tvers i vårt langstrakte fylke, vil ein få erfaringar som truleg vil kunne ha stor overføringsverdi for andre fagområde/pasientgrupper.

Medisinsk avdeling har sengeposter, poliklinikk og dialyse på alle tre sjukehusa, samt akuttmottak på FSS. Særskilde satsingsområde i 2020 vert styrking av akuttmottak både når det gjeld sjukepleiebemannning og legar. Det er pågåande rekrutteringsprosess for 3 overlegar, ein til kvart av sjukehusa våre; kardiologar til lokalsjukehusa og gastroenterolog til FSS. Dette vil innebære redusert vikarinneleige og auke i inntektene til poliklinikkane. På LSH er prosess med bygging av ny dialyse i gang. Dette vil forbetre kvaliteten på behandlinga til pasientane. I tillegg vil driftssituasjonen forbetrast pga. fleire dialyseplassar. Ein slepp å ha kveldsskift. Det er høg aktivitet ved sengepostar og poliklinikkar.

Barne og ungdomsavdelinga (BUA) er prega av delvis generasjonsskifte når det gjeld overlegar. Avdelinga vurderer ny arbeidsplan for legar utifrå personale, økonomi og faglege omsyn. Avdelinga held fram med rekruttering av nye overlegar iom at 3 stk. har gått ut i pensjon siste åra. BUA rekrutterer om lag utelukkande frå eigne LIS. BUA må i tillegg prioritere spesielt kompetanseheving og utdanning innan fagområdet barnenevrologi i 2020, sidan overlegen som hadde kompetansen, har slutta. Utviding av aldersgrense frå 16 til 18 år vert arbeidd vidare med. Dette vil igjen medføre behov for auke/overføring av ressursar til BUA– spesielt på poliklinikk for barn og unge.

Kreftavdelinga har etter ei tid med vanskeleg rekrutteringssituasjon innanfor hematologi og onkologi rekruttert tre nye legar som alle har starta opp i løpet av 2019. I tillegg har ein tilsett ein onkolog i fast stilling frå mai 2020 (LIS som då er ferdig i sitt utd.forløp). Overlegestillingar vil då vere fulltaleg med unnateke 25 prosent stilling. Fagområdet kreft er til ei kvar tid i utvikling. Det har ikkje berre verknad på kostnadsida med omsyn til medikament, men også for diagnostiske avdelingar som får meir kostnadskrevjande metodar. 2019 syner auka aktivitet både ved sengepost og poliklinikk. Stor grad av nyoppdaga kreft, og individtilpassa medikamentell behandling krev rask og tett oppfølging.

Medisinsk serviceseksjon – Kontaktsenter vart etablert våren 2019 som eit resultat av eit prosjekt i «alle møter» for å redusere svartida når pasientar ringer til sjukehuset vedkommande spørsmål til poliklinisk behandling. Det er behov for å sjå på bemanning og kompetanse knytt til kontaktsenteret.

Det vil vere endring i arbeidsoppgåver for tilsette i serviceseksjonane dei kommande åra, då fleire av arbeidsoppgåvene som merkantilt tilsette utfører vil bli digitaliserte i tråd med «alle møter». Dette gjeld blant anna innkallingsbrev, ankomstregistrering og betaling. Saman med seksjonsleiarane i poliklinikkar og sengepostar vurderer ein om det er oppgåver som sekretær kan utføre som behandlarar/pleiarar gjer i dag.

Hud avdelinga tilpassar aktiviteten sin til legeressurssituasjonen etter at hudlegen vår gjennom fleire tiår er pensjonert. Det medfører mellom anna at poliklinisk aktivitet på poliklinikkane utanfor Førde i stor grad vert gjennomført telemedisinsk med sjukepleiar og pasient på «utepoliklinikken». Trass færre arbeidde legetimar er både ventetider og tal ventande til førstegongs konsultasjon redusert.

Avdeling Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering har poliklinisk tilbod innan nevrologi og revmatologi og felles sengepost for fagområda, samt slageining og døgnrehabilitering. Pakkeforløp for hjerneslag vart etablert i 2018 og skal no utvidast til også å gjelde oppfølging og rehabilitering.

Forprosjekt Habilitering/Rehabilitering. Det pågår eit arbeid for å kartlegge og restrukturere behova til pasientar med kroniske lidelsar innanfor habilitering og rehabilitering. Dette handlar om tenestene innanfor barnehabilitering, vaksenhabilitering og ambulant- og døgnrehabilitering. Særskilt innanfor vaksenhabilitering manglar Helse Førde tilbod til enkelte pasientgrupper. Forprosjektet vil levere si innstilling 15. mars 2020.

Forsking. Medisinsk klinikk har fortløpande fokus på forking. Klinikken deltek innanfor satsingsområda til Helse Førde, og har forskingsprosjekt innanfor mikrobiologi, patologi, revmatologi, barn, medisin og kreft. I tillegg deltek vi aktivt i multisentrisk legemiddelforsking innanfor kreft og medisin. Laboratorium for medisinsk biokjemi støtter opp under mange av forskingsprosjekta. I Budsjettet for 2020 vert det avsett midlar til vidareføring av prosjekt innanfor neonatologi. Det handlar om bruk av kunstig intelligens som hjelpemiddel til antibiotikabruk til sjuke nyfødde.

3 Økonomi

Føresetnader i budsjett 2020:

Føresetnader for budsjett 2020 er ei vidareføring av aktivitet i 2019, med netto prisendring på 18,7 millionar kroner. I høve årsprognose for drifta i 2019 er det i budsjettet for 2020 innarbeidd tiltak for 12,6 millionar kroner.

Det er lagt inn ein lønsvekst på 3,6 prosent, inkludert lønsoverheng, gliding og lønsoppgjeret for 2020. Det er lagt inn 1,9 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader. ISF-inntektene er justert opp med 2,58 prosent. DRG-pris for 2020 er på kroner 45 808. Utover dette er det nytta ei generell prisjustering på inntektene på 2,5 prosent.

Samle pensjonskostnad for Helse Førde er omfordelt i høve lønsbudsjett. Pensjonskostnadene til medisinsk klinikk er justert opp med 5,3 millionar kroner.

Prisendringar på 18,7 millionar kroner er summert i følgjande tabell:

Prisendring	
Lønsvekst 2020	19 952
Korrigert pensjonskostnad 2020	5 373
Prisvekst kostnader 2020	4 257
Prisjustering ISF 2020	- 9 101
Prisendring andre inntekter 2020	- 1 775
Sum prisendringar	18 706

Ramme 2020:

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:

Budsjettramme 2020 Medisinsk klinikk	
Nettokostnad budsjett 2019	405 418
Prisendringar	18 706
H-resept endringar i statsbudsjettet	- 2 061
Mindreforbruk H-resept 2019	- 2 000
Realendring - innsparing varekost; nye analysesmaskiner lab. FSS/LSH/NSH	- 3 000
Realendring - akuttmottak	1 500
Realendring - transport heimedialyse	400
Realendring - ombygging fys.med. Poliklinikk; meirinntekter	- 650
Overføring ramme frå Kirurgisk klinikk - kjøp ekstra fysioterapiteneste ortopedi	550
Overføring ramme frå Kirurgisk klinikk - flytting tilsette til serviceseksjon LSH	759
Reduksjon i ramme med bakgrunn i nødvendige investeringar	- 4 994
Sum nettokostnad - ramme 2020	414 627

H-resept området som omfattar helseføretak-finansierte legemiddel som blir utlevert frå apotek og pasienten administrerer sjølv utanfor sjukehus, har følgjande endringar:

- H-resept området er auka med ei inntekt på 90 DRG-poeng (2,061 mill. kr), dette grunna medikament som går frå rammefinansiering i 2019 til ISF finansiering i 2020.
- I 2019 har ein samla hatt eit mindreforbruk i høve budsjett. 2,0 millionar kroner av mindreforbruket vert trekt frå ramma til klinikken.

Andre endringar i klinikken si ramme:

- I oktober 2019 vart nye analysemaskiner for laboratoria ved FSS, LSH og NSH sett i funksjon. Innsparing på reagenskostnadare er stipulert til 3,0 millionar kroner.
- Akuttmottak er styrka med ei realendring på 1,5 millionar kroner.
- Medisinsk heimebehandling har overteke transport rundt heimedialyse, tenesta er styrka med 400.000 kroner til heilårsverknadar kostnad sjåførar.
- Inntektene til fysikalsk medisinsk poliklinikk er auka med 650.000 kroner med bakgrunn i investert ombygging, som betrar logistikken.
- Det er overført rammer frå Kirurgisk klinikk. 550.000 kroner for auka fysioterapiteneste til ortopedi, og 759.000 kroner grunna overføring av tilsette til medisinsk serviceseksjon Lærdal.
- Grunna auka felleskostnader og investeringskostnader har klinikken fått eit innsparingskrav på 4,9 millionar kroner i høve budsjett 2019.

Budsjett 2020:

Med utgangspunkt i endring i ramme, prisjustering og vidareføring av tiltak budsjett 2019, blir budsjettet for Medisinsk klinikk i 2020 som følgjande:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring B20-B19	Endring %
Basisramme	- 20 671	- 21 270	- 21 270	- 21 270		0,0 %
ISF egne pasienter	- 287 210	- 291 715	- 302 237	- 317 136	- 25 421	8,7 %
ISF-inntekt H-resept	- 37 981	- 43 692	- 39 177	- 41 239	2 453	-5,6 %
Gjestepasientinntekter	- 4 447	- 4 759	- 5 408	- 5 547	- 788	16,5 %
Polikliniske inntekter - Helfo ref. lab.	- 32 435	- 33 357	- 36 446	- 36 814	- 3 456	10,4 %
Utskrivingsklare pasienter	- 1 618	- 1 238	- 1 126	- 1 155	83	-6,7 %
Andre øremerkede tilskudd	- 3 084	- 1 962	- 1 895	- 1 944	18	-0,9 %
Andre driftsinntekter	- 39 146	- 36 805	- 41 263	- 42 321	- 5 516	15,0 %
Driftsinntekter	- 426 591	- 434 799	- 448 823	- 467 425	- 32 627	7,5 %
Kjøp av offentlege helsetenester	2 898	3 429	3 007	2 301	- 1 128	-32,9 %
Kjøp av private helsetenester	93	59	59	60	1	1,9 %
Varekost	195 497	218 878	212 906	207 049	- 11 828	-5,4 %
Innleidd arbeidskraft	12 004	6 355	12 655	6 169	- 186	-2,9 %
Lønn til fast ansatte	425 909	436 925	455 628	479 059	42 134	9,6 %
Overtid og ekstrahjelp	42 218	36 706	44 706	38 776	2 070	5,6 %
Pensjonskostnad	79 000	74 179	74 179	79 552	5 373	7,2 %
Off tilskot og refusjona	- 23 100	- 22 734	- 25 400	- 23 616	- 881	3,9 %
Anna lønn	65 959	68 462	71 450	73 792	5 330	7,8 %
Andre driftskostnader	21 651	17 959	18 551	18 911	951	5,3 %
Driftskostnader	822 130	840 217	867 741	882 052	41 836	5,0 %
Sum	395 539	405 418	418 918	414 627	9 209	2,3 %

Inntekter 2020:

Endringane innanfor ISF inntektene kan oppsummerast i følgjande tabell:

ISF egne pasientar	B19	P19	B20	B20-B19
Budsjett	- 291 715	- 302 237	- 317 136	- 25 421
Auke av aktivitet i tråd med prognose 2019				- 10 523
Auka poliklinisk aktivitet grunna planlagte tilsetningar av legar				- 1 715
Auka aktivitet fysikals medisinsk poliklinikk				- 1 251
Auke av inntekter barn og medisinske sengepostar FSS, til 2018 nivå				- 3 956
Prisjustering				- 7 976
Sum endring				- 25 421

Lågare inntekter innanfor «ISF inntekter H-resept» området er grunna færre pasientar med diagnoser innanfor dei nye områda som vart ein del av ordninga i 2019. Dette har gitt både lågare ISF inntekter og lågare medikamentkostnader.

Auken innanfor «Polikliniske inntekter – Helfo refusjon laboratoria» er ei vidareføring av prognosen klinikken har hatt innanfor Mikrobiologi (+0,7 mill. – molekylærbiologi), Patologi (+0,3 mill.), MR Lærdal (1,0 mill.) og auke røntgen FSS (0,5 mill.).

Auken av «Andre inntekter» er ein auke på 3,3 millionar kroner i eigenandelar grunna auka aktivitet ved poliklinikkane (1700 fleire polikliniske konsultasjonar enn plan i 2019) og auka MR aktivitet.

Varekostnad 2020:

Reduksjonen i kjøp av tenester er færre pasientar som blir handsama ved Feiring (-0,5 mill.) og at me frå 2020 ikkje lenger har kostnadane med kjøp av tenester frå Haukeland innanfor nukleærmedisin (-0,7 mill.).

Reduksjon i varekostnad kan ein oppsummere i følgjande tabell:

Varekostnad	B19	P19	B20	B20-B19
Budsjett	218 878	212 906	207 049	- 11 828
Reduksjon av varekostnad LMBB				- 4 000
Reduksjon varekostnad H-resept området				- 15 200
Innsparingstiltak kostbare medikament administrert på sjukehuset				- 2 000
Auke av medikamentkostnader kreft/nevro iht prognose 2019				3 600
Auke av forbruksmateriell Mikrobiologisk avdeling				1 300
Generelt auka forbruksmateriell grunna auka aktivitet				611
Prisjustering				3 861
Sum endring				- 11 828

Personalkostnad 2020:

Prognosen for lønskostnadane i 2019 syner ein auke på 33,3 millionar kroner i høve godkjent budsjett. 2019 har vore eit noko spesielt år for Medisinsk klinikk. Grunna endra rekruttering- og ressursituasjon har det vore auke i tilbod som ikkje var budsjettert inn i 2019. Det er bygd opp tenester som er finansiert med auka inntekter, samt at ein har hatt ein generell auke i all aktivitet. Pasientinntektene er samla auka med 15 millionar i høve budsjett. Sjå elles meir under kap. 2 «Status og omstilling».

Nye personalkostnader som ein har fått i 2019 er kostnadar for MR Lærdal, vidareutvikling av poliklinikk for fysikalsk medisin/smerte og felles kontaktsenter innanfor somatikk. I tillegg har ein hatt høge kostnader for innleie av legevikarar frå firma, særleg innanfor kreft, patologi og indremedisin.

Kombinasjonen med periodar med høg aktivitet og høgt sjukefråvær har vore utfordrande for klinikken.

Budsjett 2020 har ein reduksjon i høve prognose med 4,8 millionar kroner (i 2019 kroner). I budsjettet er det lagt inn planlagt styrking av akuttmottak, justering for kjente heilårsverknadar og tiltak for å nå budsjetttramme 2020. Alle endringane er oppsummert i følgjande tabell:

Personalkostnad	B19	P19	B20	B20-B19
Budsjett	599 892	633 217	653 732	53 839
Driftsnivå 2019				33 325
Styrking av akuttmottak, inkl legeressurs				3 500
Heilårsverknad personalkostnad overlege Mikrobiologi				800
Heilårsverknad personalkostnad Samhandling og tverrprof. tenester				500
Overføring av tilsette til medisinsk serviceseksjon Lærdal				1 037
Patologi: Redusert bruk av firmainnleie.				- 600
Kreft: Redusert bruk av firmainnleie.				- 3 600
Serviceseksjon: HMS arbeide - reduksjon sjukefråvær				- 400
Hud: Redusert bruk av firmainnleie.				- 300
Medisinsk seksjon LSH, vidareføring av tiltak 2019				- 1 600
Medisinsk seksjon NSH, vidareføring av tiltak 2019				- 1 500
Medisinske sengepostar FSS, kostnader ned på nivå budsjett 2019				- 1 700
Medisinsk legeteneste FSS, tilsetting i stillingar, reduksjon i variabel lønn				- 948
Auka pensjonskostnad				5 373
Prisjustering				19 952
Sum endring				53 839

Tiltak 2020:

Med utgangspunkt i dei skisserte endringane frå drift 2019 til budsjett 2020, har medisinsk klinikk følgjande tiltak i budsjett 2020:

Tiltak budsjett 2020	
Innsparingstiltak kostbare medikament administrert på sjukehuset	- 2 000
Patologi: Redusert bruk av firmainnleie.	- 600
Kreft: Redusert bruk av firmainnleie.	- 3 600
Serviceseksjon: HMS arbeide - reduksjon sjukefråvær	- 400
Hud: Redusert bruk av firmainnleie.	- 300
Medisinsk seksjon LSH, vidareføring av tiltak 2019	- 1 600
Medisinsk seksjon NSH, vidareføring av tiltak 2019	- 1 500
Medisinske sengepostar FSS, kostnader ned på nivå budsjett 2019	- 1 700
Medisinsk legeteneste FSS, tilsetting i stillingar, reduksjon i variabel lønn	- 948
Sum tiltak	- 12 648

I tillegg er pasientinntektene i budsjett 2020 auka med 6,9 millionar kroner i høve prognosen for 2019.

Det er utarbeidd eigen overordna ROS analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7.

4 Aktivitet

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring plan 2020 - 2019
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	12 328	13 108	13 019	13 502	13 812	793
DRG-poeng H-resept	A	1 300	1 735	1 957	1 711	1 801	-156
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	111	127	133	151	151	18
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	13 738	14 970	15 109	15 364	15 764	654
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	64	90	46	35	35	-11
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	13 692	14 933	14 684	15 247	15 647	625
Tal dagbehandling		7 975	9 058	9 120	9 417	9 417	297
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 806	9 970	9 950	9 933	10 256	306
Tal polikliniske konsultasjonar (ISF)		53 062	50 649	51 000	52 751	53 380	2 380

Tal produserte DRG-poeng før døgn/dag/poliklinikk er auka med 793 i høve budsjett 2019. I høve oppnådd aktivitet i 2019 er auken berre 310 poeng.

Gjestepasientar og kjøp av tenester frå Feiringklinikken er vidareført i høve prognose.

Budsjettert tal dagbehandling innanfor dei ulike einingane i klinikken syner følgjande.

Dagopphald-dagbehandling	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring plan 2020 - 2019
Dialyse Førde	2 428	2 645	2 681	2 380	2 380	-301
Dialyse Lærdal	1 085	1 311	1 235	1 388	1 388	153
Dialyse Eid	1 172	1 191	1 243	1 010	1 010	-233
Medisinsk seksjon Førde	47	40	44	60	60	16
Kreft poliklinikk	2 652	2 804	2 917	3 012	3 012	95
Hud poliklinikk Førde	33	15	15	10	10	-5
Hud poliklinikk Lærdal	0	2	3	0	0	-3
Hud poliklinikk Eid	5	4	5	1	1	-4
Barne poliklinikk Førde	23	20	14	115	115	101
Medisinsk poliklinikk Førde	24	340	296	587	587	291
Medisinsk poliklinikk Lærdal	231	342	329	301	301	-28
Medisinsk poliklinikk Eid	271	337	330	454	454	124
Neurologisk/Revma poliklinikk Førde	4	7	8	99	99	91
Sum dagopphald	7 975	9 058	9 120	9 417	9 417	297

Det er ikkje planlagt auke i dagbehandling utover prognose 2019.

Heildøgnsopphald	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring plan 2020 - 2019
Barne sengepost Førde	785	759	770	633	770	0
Medisinsk sengepost Førde	4 016	4 097	4 130	3 944	4 130	0
Medisinsk sengepost Lærdal	1 389	1 394	1 368	1 451	1 451	83
Medisinsk sengepost Eid	1 610	1 672	1 682	1 698	1 698	16
Kreft sengepost	676	741	749	771	771	22
Sengepost AFMR, nevro og revmatologi	1 330	1 307	1 251	1 436	1 436	185
Sum heildøgn opphald	9 806	9 970	9 950	9 933	10 256	306

Aktiviteten ved medisinske sengepostar FSS og ved barne- og ungdomsavdelinga var låg i 2019 samanlikna med tidlegare år. I budsjett 2020 planlegg vi for desse sengepostane ei vidareføring av plan 2019. Dei andre sengepostane planlegg ei vidareføring av aktivitet som i 2019.

Polikliniske konsultasjoner	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Plan 2019	Prognose 2019	Plan 2020	Endring plan 2020 - 2019
Pediatriisk poliklinikk Førde	3 935	3 989	4 086	4 081	4 081	-5
Pediatriisk poliklinikk Eid	315	287	255	302	302	47
Pediatriisk poliklinikk Lærdal	65	52	57	63	63	6
Hud poliklinikk samla	15 371	12 939	13 564	12 972	13 073	-491
Medisinsk poliklinikk Førde	11 231	10 955	10 954	11 330	11 330	376
Medisinsk poliklinikk Eid	5 602	5 575	5 616	5 392	5 616	0
Medisinsk poliklinikk Lærdal	2 758	2 745	2 840	2 736	2 840	0
Medisinsk poliklinikk Florø	166	287	253	201	201	-52
Kreft poliklinikk	2 349	2 252	2 189	2 592	2 592	403
Barnehabilitering	191	150	150	132	132	-18
AFMR	986	1 667	1 530	2 722	2 922	1 392
Nevrologisk poliklinikk	4 153	4 593	4 352	4 885	4 885	533
Revmatologisk poliklinikk	5 781	4 980	4 974	5 141	5 141	167
Rehabilitering Eid	159	178	180	202	202	22
Sum poliklinikk	53 062	50 649	51 000	52 751	53 380	2 380

I budsjettet for poliklinisk aktivitet er det tatt omsyn til utviklinga i 2019 og budsjetterte tilgjengelege behandlingsressursar i 2020.

5 Bemanning

Månadsverk:


Tabell under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i Medisinsk klinikk. Endring er i høve oktober 2019.

Netto månadsverk	Snitt 2018	Okt 2019 (A)	Budsjett 2020 (B)	Endring B-A	Merknad
Klinikk medisin felles	3,1	2,9	2,9	0,0	
Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering (ANRR)	58,6	62,4	62,4	0,0	
Avdeling for patologi	14,9	16,7	16,7	0,0	(innsparing på firma 0,6 mill., kjem ikkje fram i månadsverk)
Børne- og ungdomsavdeling	55,9	56,9	56,9	0,0	
Hud avdeling	14,8	13,7	13,7	0,0	(innsparing på firma 0,3 mill., kjem ikkje fram i månadsverk)
Kreftavdelinga	42,7	42,2	44,2	2,0	tilsett to onkologar, sparer på innleie firma (3,6 mill., ikkje med i mnd verk statestikk)
Lab. medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)	53,9	55,2	55,7	0,0	
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	36,0	46,1	47,1	0,5	heilårsverknad transportteneste
Medisinsk avdeling	247,4	258,0	254,6	-3,4	samla reduksjon 6,4 årsverk sengepostar (tiltak starta 2019), auke akuttmottak 3 årsverk
Medisinsk serviceseksjon Førde	27,3	28,3	28,3	0,0	
Mikrobiologisk avdeling	19,6	20,9	21,4	0,5	heilårsverknad overlege
Radiologisk avdeling	61,5	64,0	64,0	0,0	
Serviceseksjon Lærdal	5,7	4,7	6,9	2,2	overføring av tilsette frå kirurgisk servicesenter
Sum Medisinsk klinikk	641,3	672,1	674,9	1,8	

Endringa i månadsverk syner eit bilete som ikkje er heilt i samsvar med planlagde tiltak på legeområde etter som innleie frå firma ikkje kjem fram i månadsverk statistikken, samla er dette tiltak på 4,5 millionar kroner. I auken på 1,8 månadsverk ligg 2,2 som vert overført frå Kirurgisk klinikk og ei styrking av akuttmottak med 3,0 årsverk.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i Medisinsk klinikk hadde ein markert auke i vinter/vår 2019. Har deretter stabilisert seg. Målet for klinikken er å ha rundt 5 prosent fråvær. Arbeide med HMS og sjukefråvær er eit av dei viktige fokusområda i klinikken i 2020.



6. Budsjettprosess

Det har frå mai vore møte med alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg innanfor si tildelte ramme, med deltaking av tillitsvalde og verneteneste.

Prosess vedr. budsjett 2020		
Møtedato	Deltakarar	Tema
8. mai	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 1 - 2019
5. juni	Klinikkdirektør	Innspele realendringar budsjett 2020
20. august	Klinikkdirektør	Budsjetttrammer og realendringar handtert i føretaksleinga
12. september	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 2 - 2019
19 - 20 september	Avdelingssjefar	Avdelingssjef samling, utfordringar budsjett diskutert
2. oktober	Klinikkdirektør	Fordelt tilgjengeleg ramme på avdelingsnivå
oktober-november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Budsjett fast tema på alle leiarmøter og klinikkråd
25. oktober	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Frist for å levere budsjett i høve tildelt ramme. Utarbeiding av budsjett på konto nivå med involvering av tillitsvalde og vernetenesta
15. november	Klinikkdirektør	Gjennomgang budsjetttramme i økonomiforum
20. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om budsjett 2020
28. november	KAMU	Behandling budsjett 2020
28. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Drøftingsmøte om budsjett 2020

7. Overordna ROS analyse budsjett 2020

Risikomatrixe						
Konsekvens (1-5)						
Sannsynleg (1-5)		1. Ubetydeleg (ikkje alvorleg)	2. Liten (mindre alvorleg)	3. Moderat	4. Alvorleg	5. Svært alvorleg/kritisk
	5. Svært stor					
	4. Stor				3a	
	3. Moderat				2a,3c	
	2. Liten				1,2b,3b	
	1.Svært liten					

Nr	Område	Hending	San 1-5	Kon 1-5	Risiko San x Kon	Tiltak	Ansvar
1	Pasientinntekter	Endring i tall ØHJ opphold vil variere. Få «rett» betaling.	2	3	6	Månadleg oppfølging av pasientkoding – ISF inntekter	Klinikkdirektør – controllar
2	Varekostnad	a) Bruk av kostbare medikament inne på sjukehuset, innføring av nye LIS avtaler	3	4	12	Månadleg oppfølging av medikamentkostnader; H-resept og kostnadskrevjande medikament inne på sjukehuset. Samarbeide Sjukehusapoteket	Klinikkdirektør – controllar
		b) Forbruksmateriel i laboratoria	2	4	8	Nye analysemaskiner installert på alle sjukehusa	Avdelingssjef LMBB
3	Personalkostnad	a) HMS arbeide	4	4	16	Redusere sjukefravær. Tiltak på gang NSH/LSH med månedlig oppfølgingsmøte HR/NAV/Bedriftshelsetjene ste. I løpet av andre halvår 2020 i gang ved FSS .	Leiarar på alle nivå – HR rådgjevar
		b) Personalkostnad kreft avdeling	2	4	8	Tilsetting av to onkologar, full verknad innsparingstiltak frå sommaren 2020	Avdelingssjef kreft
		c) Personalkostnad medisinsk avdeling	3	4	12	Følgje opp planlagde endringar på alle tre sjukehus	Avdelingssjef medisin